



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
 Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Myklesbust Invest Ltd  
 Att. Arnstein Myklebust  
 Hylkjesvingen 3  
 5109 HYLKJE

Dykkar ref.

Sakshandsamar:  
 Ingrid Bjørge Pedersen

Vår ref.  
 2013/3725 - 0 -  
 250/2014

Telefon

Arkivkode:  
 91/38

Dato:  
 06.01.2014

*Deleget sak*

### Endringsløyve på gbnr 91/38 Brundtland

#### Delegasjonssak:

Kommunen syner til Dykkar søknad om endring av ansvarsretter motteke her den 16.12.2013.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikke noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

#### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak utgår som ansvarleg føretak:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Reknes Byggjevarer	S	SØK Ansvarleg søker T1 UTF Tømrer T1
Thorstein Entreprenør	S	UTF Betongarbeid T1

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Følgjande føretak vert godkjent som ansvarleg føretak:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Myklebust Invest	L	SØK Ansvarleg søker T1 UTF Tømrer-, pipe-, og membranarbeid T1 Kontroll Tømrer-, pipe-, og membranarbeid T1

#### Søknaden

Søknaden gjeld endring av ansvarsretter for fuknsjon SØK og UTF og Kontroll under tømrer-, pipe-, og membranarbeid.

Reknes Byggjevarer utgår som ansvarleg søker og utførande tømrer, samt Thorstein Entrepentør utgår som utførande innen betongarbeid. Det er ikkje søkt om ny ansvarsrett innan betongarbeider.

## **Oppsummering og konklusjon**

Kommunen finn å kunne godkjenne søknad om endring av ansvarsretter i samsvar med innsendte søknad motteke her den 16.12.2013.

**Administrasjonen presiserer at tiltaket per i dag ikkje er belagt ansvarsrett innan betongarbeider.**

### **Gebyr**

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

<b>Skildring</b>	<b>Antal</b>	<b>Beløp</b>
C.5.31 Lokal godkjenning av føretak med ansvarsrett	1	2.400
Totalt gebyr å betala		2.400

### **Bortfall av løyve**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen å løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast , jf pbl § 21-9 første ledd.

Ferdigattest (teikningar av utført tiltak og endeleg plassering)

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som blir skrive ut av plan- og bygningsstyresmaktene, når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå tiltakshavar, jf pbl § 21-10.

Plan- og bygningsstyresmaktene skal ha teikningar som viser tiltaket slik det er utført. Eventuelle endringar frå tidlegare godkjente teikningar skal identifiserast, slik at plan- og bygningsmaktene kan vurdera endringane før ferdigattest vert gjeve, jf byggereglane SAK §§ 8-1 og 8-2.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at plasseringa blir i samsvar med løyvet.

Plan- og bygningsstyresmaktene kan unntaksvis skrive ut førebels bruksløyve når vilkåra i plan- og bygningslova § 21-10 ligg føre.

### **Vi gjer spesielt merksam på**

Kjem det klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen. Klagehandsaminga kan medføra at vedtaket blir endra. Igangsetting før klage er avgjort skjer difor på eiga risiko/ansvar.

**Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf . fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvaast.

Med helsing

Siril Sylta  
konstituert fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

Kopi til:

Reknes Byggjevarer Selvåg 5986 Hosteland